



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Korleis skapar ein guide gode opplevingar: eit kvalitativt studie om guiding og dagsturisme.

209 - Nikolai Skinlo

220 - Håkon Schjølborg

Friluftsliv

ID3-322

15.12.2017

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Forord

Vi er to studentar frå Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Vi er begge friluftslivstudentar som oppsøker naturen mykje i kvardagen vår. Vi er aktive stisyklistar, som får ta del i den spennande og utfordrande utviklinga knytt til stisykling ein ser no. I tillegg til å klatre mykje saman, er vi på ski saman nesten daglig i vinterhalvåret. Gjennom stunder som dette, vert det mange moglegheiter til å prate og reflektere rundt mykje av det vi lærer på studiet. Det vart difor naturleg for oss å skrive saman.

Vi ser begge for oss eit yrke der å jobbe med menneske ute i naturen er aktuelt. Gjennom studiet og av praktisk erfaring, har vi lært mykje om kultur, sikkerhet, gruppedynamikk og rettleiing sett opp mot friluftsliv. Dette er bakgrunnen for val av tema vi ville fordjupe oss i. I dialog med vår rettleiar Vegard Vereide, blei problemstillinga utforma.

Vi vil takke informantane våre for at dei verkeleg greia ut med erfaringar og refleksjonar. Dette gjorde det mogleg for oss å utforme ei oppgåve. Vi vil også takke Kong vinter for ein rekordtidlig skisesong, noko som har gjeve oss påfyll av motivasjon. Til slutt vil vi takke Vegard Vereide for rettleiing og tilbakemeldingar.

Vi ynskjer deg god lesing.

Nikolai Skinlo & Håkon Schjølberg.

Samandrag

I denne oppgåva har vi prøvd å finne svar på kva karaktertrekk ein god guide sit med for å leggje til rette for vellukka dagsturisme. Turistar kjem i aukande tal frå alle verdsdelar og i samband med denne auken, ser ein eit behov for at aktørane som tilbyr guiding, har den kunnskapen og dei ferdigheitene som krevjast for trygge og gode opplevingar. Kva desse ferdigheitene er, har vi prøvd å finne svar på med problemstillinga: *“Korleis legg ein naturguide til rette for gode opplevingar innanfor dagsturisme”*.

Teorien vi har teke i bruk i denne oppgåva har som mål å sette lys på relasjonar mellom guide og turist, og ulike måtar å leie gruppa på ut i frå situasjonen ein er i. Vi har teke i bruk teori som viser kvalitetane ein guide må ha. I tillegg har vi vist til modellar og teori om motivasjon, som kan knytast opp mot turisten.

Vi har brukt ei kvalitativ tilnærming for å hente inn informasjon til oppgåva. Det vart brukt ein semi-strukturert intervjuguide, delt i tre forskingsdelar. Med dette ønska vi å samle refleksjonar og erfaringar om kva informantane meinte var viktige moment knytt til guiderolla under dagsturisme. Dei to tindeveglederane som vart intervjuja, sit med kommersiell erfaring frå guiding på over 10 år kvar.

Diskusjonen har vi valt å dele opp i tre delar. I denne delen av oppgåva, knyt vi funna frå intervjuobjekta opp mot relevant teori og drøftar desse. Dei ulike delane er knytt til aktuelle sitat frå informantane som set lys på vår problemstilling.

Vi har konkludert med at ein guide brukar situasjonar som oppstår til sin fordel for å gjere opplegget betre. Med ei kartlegging av turisten og ei forventningsavklaring, vert turen tilpassa gruppa sine føresetnadar. Relasjonen og opplevingane ein skaper saman, kan gjere at turisten ynskjer å kome att.

Nøkkelord: Dagsturisme, Rolleavklaring, Sikkerheit, Tilpassing, Oppleving

Innhald

Forord	1
Samandrag.....	2
1 Innleiing.....	5
1.1 Bakgrunn	5
1.2 Problemstilling.....	6
2 Teori	8
2.1 Å vere guide.....	8
2.2 Turisme.....	8
2.2.1 Naturbasert turisme	8
2.2.2 Norsk turisme	9
2.3 Arbeidsverktøy hjå guiden	9
2.3.1 Erfaringsbasert skjønn.....	9
2.3.2 Problemløysing.....	10
2.3.3 Beslutningstaking	10
2.3.4 Leiarstil	10
2.3.5 Ferderåd	11
2.4 Ulukkesteori	12
2.5 Turisten	12
2.5.1 Differansiering av turist i forhold til aktivitet.....	12
2.5.2 Individuell atferd og motivasjon.....	13
2.6 Relasjon	14
2.6.1 Kommunikasjon og rolleavklaring	14
2.6.2 Interesseskaping.....	15
2.6.3 Gruppedynamikk.....	16
2.6.4 Tilpassing av tur.....	16
2.6.5 Forventingar	17
3 Metode.....	18
3.1 Val av metode.....	18
3.2 Utval	18
3.3 Intervjuets rammer	19
3.4 Forskarrolla.....	20
3.5 Validitet og reliabilitet.....	20
4 Diskusjon	22
4.1 På førehand av tur.....	22
4.1.1 Før første møtet	22

4.1.2 Første møte	23
4.1.3 Forventingsavklaring	23
4.1.4 Ferdråd og plan b	25
4.2 Undervegs på tur	25
4.2.1 Sikkerheit.....	26
4.2.2 Tilpassing og gruppedynamikk	28
4.2.3 Formidling og kultur	29
4.3 Guiderolla	31
4.3.1 Eigen erfaring og utdanning	31
4.3.2 Dagsturisme.....	32
5 Konklusjon	34
6 Litteraturliste.....	35
7 Vedlegg.....	38
7.1 Svar frå NSD.....	38
7.2 Intervjuguide	39
7.3 Samtykkeskjema.....	40

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

I Norge i dag er det etterspørsel etter kompetanse innanfor

«En god guide kan lage en god tur for turister i whiteout og null sikt, en dårlig guide kan ødelegge en tur i solskinn og silkeføre»

naturguiding. Etterspørselen veks i

(Vold 2015, s 39).

tråd med utviklinga i forhold til

auke i turismen. Dette viser igjen i Norsk Naturguideforbund som blei stifta i 2014. Målet er

å kunne bidra til å få meir profesjonell anerkjennelse i næringslivet (Norsk

Naturguideforbund, 2017). Målet er å samle ein organisasjon for å ivareta naturguidar sitt

yrkesfelt og interesser. Dei jobbar også mot å få ei sertifisering inn i høgare utdanning. I

november 2017 blei det også sendt eit skriftleg spørsmål frå Sandra Borch i Senterpartiet til

Klima- og Miljøministeren. Borch (2017) spør om statsråden vil vurdere å innføre sertifisering

av guidar. Bakgrunnen for dette er sikkerheit og fagleg kompetanse som er etterspurt ved

den aukande turistnæringa. I same begrunnelse kjem det fram at Norske Tindevegledere

(NORTIND/IFMGA), som utdannar norske tindevegledere ynskjer det same. Bakgrunnen for

dette er at guiding ikkje er regulert, slik at det er fritt fram for mindre seriøse aktørar å tilby

guidetjenester. Auka turisme fører altså med seg eit større krav til kompetanse og kvalitet

blant aktørane. Dersom ein ikkje klarer å levere dette, kan ein tenke seg at det ikkje vil bli eit

økonomisk bærande yrke. Som friluftslivstudentar lærer vi mykje om faget friluftsliv,

turisme, naturguiding og frå eigen praksis. Vi trur at å tre inn i arbeidslivet som ein eventuell

naturguide, vil krevje meir kompetanse for å lykkast i feltet.

Vi har sjølve observert ei auke i turisme her til lands, også i vårt eige fylke Sogn og

Fjordane. Dette viser igjen i undersøkinga til Statistisk Sentralbyrå om tal hotellgjester i

landet for månadane juni, juli og august (Statistisk Sentralbyrå, 2017). Det var eit rekordår i

2016 og i 2017 blei rekorden slått igjen, med ei auke på 2%. Loen er kanskje den mest

synlege turistmagneten her i fylket, men det er fleire store guideselskap og mange tilbyr

dagsturar med fokus på opplevingar i natur. Naturbasert turisme og naturguiding har også

stor fagleg relevans på studiet vårt. Difor har vi valt å finne ut korleis guidar jobbar ved

dagsturisme.

For å kunne forske meir på temaet har vi intervjuet eit utval guidar i reiselivsnæringa som tilbyr dagsturar. Vi rettar oss mot naturguidens kompetanse for å sjå på kva arbeidsmåtar, kunnskap og kompetanse som er viktig for å skape ein god tur. Kven som helst kan kalle seg for guide, difor har vi tatt utgangspunkt i to tindevegledere utdanna gjennom NORTIND (IFMGA). Dette er ein internasjonal guidestandard (Horgen, A., Fasting, M.L., Lundhaug, T., Magnussen, L.L., & Østrem, K., 2016). Desse skal også ha jobba tre år samanhengande som heilårsguide. På grunn av store utskiftingar i bransjen (Vold, 2015, s91) har vi satt dette kravet og meiner dette er sterkt kvalifiserte intervjuobjekt.

Det er ikkje overflod av forskning innanfor turisme og naturguiding (Horgen mfl. 2016). Likevel har det etter kvart blitt større førespurnad etter meir kunnskap kring guida turar i Norden. I følge Vold (2015, s17) er reiselivsnæringa den næringa som veks raskast i verden. I tillegg har også regjeringa satsa stort på reiseliv og satt mål om å tiltrekke seg fleire utanlandske turistar. Vold (2015, s18) skriv også at det er mangel på kompetanse og kvalifisert arbeidskraft, samtidig som Nærings- og Handelsdepartemanget vil heve kunnskapsnivået i heile næringa. Dette gjer temaet svært dagsaktuelt. Marknadsføringa frå Innovasjon Norge rettar seg mot ei promotering av aktivitetar ute i naturen, der turistar no skal delta aktivt (Løseth, 2014, s103). Resultatet av dette kan bli at aktivitetsbedriftene får meir av ansvaret for tilrettelegginga.

1.2 Problemstilling

For å finne ut kva god kvalitet på dagsturisme er, har vi utarbeida denne problemstillinga:

“Korleis legg ein naturguide til rette for gode opplevingar innanfor dagsturisme”

Ut i frå denne problemstillinga har vi laga tre hovuddelar vi skal forske på. I første forskingsdel skal vi sjå på kva tankar guidane gjer seg kring planlegging og kartlegging av gruppa og enkeltindivid før tur: *På førehand av tur*. I forskingsdel to skal vi gå nærare inn på

sjølve turen og kva som skjer undervegs. Vi vil sjå på kva grep som vert gjort ut i frå behova til gruppa og omgjevnadane ein har rundt seg: *Undervegs på tur*. I forskingsdel tre har vi fokus på sjølve guiderolla. Der vil vi sjå på kva erfaring har å seie for dei, eigenskapar kunnskap og deira syn på kva utdanninga har betydd for dei: *Guiderolla*.

Til problemstillinga har vi også laga ei hypotese som kan vere aktuell. Denne har vi utarbeida på bakgrunn av informasjonen vi har henta inn til studien:

Relasjonen mellom guide, turist og natur er sentral for opplevinga, kvaliteten og ynskje om å komme tilbake.

2 Teori

2.1 Å vere guide

Naturguidebegrepet er eit samlebegrep om ulike roller, som sit på ulik kompetanse (Horgen mfl. 2016). Vi skal ta utgangspunkt i *naturguide* og vil gå nærare inn på denne. *Guide* tar utgangspunkt i det kommersielle og reiselivet, i motsetnad til *naturrettleiar* og *friluftsrettleiar* (Horgen mfl. 2016). Ein naturguide kan ha innslag av alle desse rollene og jobbar med betalande gjester i reiselivsnæringa, derav ordet “naturguide” i problemstillinga (Horgen mfl. 2016). I oppgåva vel vi å omtale dette som *guide/guiding*. Å vere guide har ei svært sentral rolle i reiselivsbransjen. Ein guide skal ikkje lenger berre vere ein trygg turleiar, men skal kunne opptre som ein lærar, miljøambassadør, psykolog, underhaldar og interessedekker (Horgen mfl. 2016). Ein skal med andre ord inneha kunnskap og ferdigheiter slik at det er mogleg å føre høg kvalitet på eit opplegg. Høg kvalitet blir knytt til å formidle kunnskap, påverke haldningar, men også påverke og forsterke opplevingane til gjestene (Horgen mfl. 2016). Vold (2015, s48) nemner komplekse variasjonar ein kan få i ei turistgruppe på tur, som tvingar guiden til å opptre i alle desse rollene.

I tillegg nemner Vold (2015, s64) ordet kunnskapsforråd som sentralt for en guide. Dette ordet handlar om den samla kunnskapen kvart enkelt individ har om verden. Denne kunnskapen brukar ein til å tolke verkelegheita, gjenstandar, personar, situasjonar og handlingsalternativ. Når ein tolkar nye situasjonar (Vold, 2015, s64) bygger ein vidare på tidlegare erfaring.

2.2 Turisme

2.2.1 Naturbasert turisme

Turisme har fleire definisjonar og terminologiar. På generell basis kan det forklarast som menneskets aktivitetar og besøk til område utanfor sin vanlege heimstad eller arbeidsmiljø (Fredman mfl., 2009, s24). Vi har valt å bruke denne definisjonen: «Omfatter människors aktiviteter när de vistas i naturområden utanför sin vanliga omgivning» (Fredman mfl. 2009, s24). Her er tre viktige punkt som er med på å beskrive ein naturbasert turist (Fredman mfl. 2009, s19). Ein *besøker* eit naturområde, og her forventar turisten gjerne ei form for

oppleving. I tillegg er det ofte knytt ein spesifikk *aktivitet* til opphaldet i naturmiljøet. Tydinga av ordet natur må også avgrensast og definerast. Kvar ein skilde turist må sjølv definere kva natur er (Fredman mfl. 2009, s20). Fredman mfl. (2009, s20) meiner også at det er to dimensjonar ved naturen som eit produkt av turisme. Det er om naturen står i sentrum for opplevinga og aktiviteten, eller om naturen er eit heilt nødvendig område for opplevinga og aktiviteten.

2.2.2 Norsk turisme

Norge har lenge brukt landskapet og kulturen som hovudattraksjon for å tiltrekke seg turistar (Løseth, 2014, s91). 50 prosent av turistmarknaden kjem frå nordmenn, 30 prosent frå utanlandske turistar og 20 prosent frå bedriftsreisande (Løseth, 2014, s91). Turisme i Norge har fått stort fokus dei siste åra og blitt eit satsingspunkt. Dette blir uttrykt via Destinasjon Norge-Nasjonal strategi for reiselivsnæringa, der dei er misnøgde med veksten innanfor turisme (Løseth, 2014, s92). I tillegg til dette er prisnivået i Norge eit problem for turismen. Lønningar og pris på aktivitetar er ei utfordring. Likevel er det i følge Løseth (2009, s92) teikn som tyder på at turismeindustrien er på veg oppover og kompetansenivået blant aktørar som tilbyr guiding, blir betre. Turismen i Norge er styrt av nærings- og handelsdepartementet og det er Innovasjon Norge som utfører oppgåver knytt til avgjersler og marknadsføring (Løseth, 2009, s93).

2.3 Arbeidsverktøy hjå guiden

2.3.1 Erfaringsbasert skjønn

Alle turar har som regel eit usikkerheitsmoment når det gjeld tidsbruken ved å kome fram. Uventa uhell kan oppstå, turistar får trøtte bein og liknande. Dette betyr at manglande og uventa informasjon dukkar opp (Priest & Gass, 2005). Ein kan difor ikkje alltid skjøne når uventa situasjonar oppstår i det miljøet ein som guide arbeider i, eller ha ein plan b til alle moglege utfall. Som guide må ein stole på eigen kompetanse for å ta val undervegs. Slik erfaring byggast opp og må reflekterast rundt (Priest & Gass, 2005). Erfaringsbasert skjønn handlar om å ta imot informasjon undervegs (Induktiv input), som ein lagrar til seinare (Piagetisk tenking). Deretter hentar ein fram gammal informasjon (Deduktiv input) som

ligg lagra i minnet (Heuretisk tenking) når nye situasjonar oppstår der ein manglar vital informasjon (Priest & Gass, 2005).

2.3.2 Problemløysing

Problemløysing handlar om å finne svar til enkle og komplekse situasjonar (Priest & Gass, 2005). Ein samlar relevant informasjon ved problemet og sil ut dei alternativa som passar den aktuelle situasjonen best. Deretter må ein organisere vala ein sit igjen med. Ein må reflektere nøye rundt dei positive eller negative sidene ved vala og velje løysinga som gjer mest positive utslag for den aktuelle situasjonen (Priest & Gass, 2005).


2.3.3 Beslutningstaking

Å kunne ta beslutningar som guide er viktig for sikkerheita og opplevinga (Priest & Gass, 2005). Beslutningstaking handlar om å ha eit utval moglege alternativ og kunne velje det beste for situasjonen som oppstår. Fordelar og ulemper må reflekterast rundt og vegast opp mot kvarandre. Det er fleire måtar å ta beslutningar på, blant anna kan ein bruke situasjonsvariablar, relasjonell modell og naturalistisk modell (Priest & Gass, 2005). Enkle situasjonar som matstopp krev relativt lite, men situasjonar knytt opp mot risiko krev meir. Ved komplekse situasjonar må mykje informasjon samlast og vurderast fortløpande. Deretter må ein tenke konsekvens ovanfor seg sjølv og gruppa. Dette med tanke på risiko og ivaretaking av sikkerheit (Priest & Gass, 2005).

2.3.4 Leiarstil

Som guide har ein ei tydeleg rolle og må stå fram på bestemte måtar. I rettleiing ved friluftsliv, som ligg tett opp mot guiding, er det lagt vekt på formidling av læringssituasjonar og utøving av trygg ferdsel (Horgen mfl. 2016). Ut i frå dette er ulike leiarstilar blitt utarbeida for leiing i friluftsliv. Som guide er det relevant å vite noko om ulike måtar å arbeide med andre menneske på. Frå COLT-modellen (Conditional Outdoor Leadership Theory) av Priest & Chase (1989), beskrive av Horgen mfl. (2016, s111), har ein tre forskjellige måtar å leie ei gruppe på. Dette er ei autokratisk, demokratisk, eller abdokratisk tilnærming. Ved autokratisk leiarstil tar leiaren fullt ansvar for beslutningane. Denne metoden er ofte brukt ved

situasjonar knytt til høg risiko og lite tilgjengeleg tid. I demokratisk leiarstil, går leiaren i dialog med gruppa, slik at alle kan ytre si meining om den aktuelle situasjonen. Ved abdikratiske leiarstil vert det gjeve rom for prøving og feiling i gruppa, så lenge omgjevnadane tillèt dette. Dette vert kalla for situasjonsbestemt leiing (Horgen mfl. 2016). Kva leiarstil ein brukar blir styrt av situasjonen, farar i omgjevnadane, individuelle faktorar, gruppa sin dynamikk, leiaren sine evner og konsekvensar av avgjerslene (Horgen mfl. 2016).



Figur 1. Grafisk framstilling av COLT-modellen, oversatt til norsk (Horgen mfl. 2016, s111).


2.3.5 Ferderåd

Utgangspunktet for planlegging, eller eit ferderåd før tur, er området ein legg ut på tur i, gruppa ein har med seg og målet med turen (Horgen, 2010). Kartlegginga på førehand av turen skal hjelpe til at ein ikkje legg ut på tur i eit område som er over evne for gruppa. Dersom turistane har føresetnadar til det og får medansvar i planlegginga, vil dette kunne auke motivasjon og eigarskap til turen. Frå ein pedagogisk vinkel, vil dette også sikre læring (Horgen, 2010). Resultatet av eit ferderåd bør vere at alle deltakarane i gruppa sit igjen med eit felles mål og felles forventingar. Her har ein kartlagt at turen sin distanse, tidsbruk og høgdemeter, står i tråd med kapasiteten til gjestene. Dette er plan A, det ein ynskjer å gjennomføre for å oppnå best oppleving og læring (Horgen, 2010). Det Horgen (2010) nemner som svært viktig er å ha ein alternativ plan (plan B) og ein kriseplan (plan C).

Endringar i vêrforhold og i gruppa, kan få konsekvensar som gjer at ein ikkje når målet. Då må ein ty til andre løysingar for å sørge for opplevingar og framdrift i gruppa (Horgen, 2010).

2.4 Ulukkesteori

Ulukkesteori handlar om å forstå potensialet for ei ulukke når summen av moglege årsakar leggast saman (Martin, B., Breunig, M., Wagstaff, M. & Goldenberg, M. 2017). Vi brukar modellen “The Accident Equation” av Hale (1983) beskrive av Martin et.al. (2017, s300) for å forklare korleis ulukkesteori heng saman.



Figur 2. Grafisk framstilling av The Accident Equation (Martin et.al., 2017, s300).


Ulukker skjer når tre typar farar kombinerast (Martin et.al. 2017). Det er to sirkular, der den eine handlar om miljøfarar og den andre om menneskeleg faktor. Miljøfarar handlar om farar som oppstår i det naturlege miljøet ein er i. Dette er vêr, terreng og andre objektive farar (Martin et.al. 2017). Menneskeleg faktor handlar om at ein har for lite kompetanse i forhold til aktuell oppgåve. Når desse to faktorane nærmar seg kvarandre, vil ulukkespotensialet bli større og større (Martin et.al. 2017). For eksempel kan ein person som uvitande ferdast i skredterreng med lite kunnskap, skape stort ulukkespotensiale.

2.5 Turisten

2.5.1 Differensiering av turist i forhold til aktivitet

Vi har sett behovet for å forklare Kristin Løseth sin modell som definerer turisten sin aktivitet og behov for guide. Løseth (2014, s39) delar deltakande turistar inn i fire kategoriar, i tillegg

til ein femte kategori for dei som havnar mellom fleire av dei ulike retningane. Horisontal linje plasserer turisten i enten sjølvorganisert aktivitet, eller kommersiell aktivitet. Den vertikale linja delar turisten inn i spesialist eller generalist. Løseth (2014, s39) skriv at på den kommersielle sida kan turisten vere spesialist som kjøper turar i form av fjellklatring og andre krevjande aktivitetar. Er turisten generalist, deltek ein på aktivitetar med lite behov for kompetanse, som til dømes breføring eller rafting. På den sjølvorganiserte sida er spesialisten på aktivitetar som klatring og topptur på ski. Ein sjølvorganisert generalist, driv med aktivitetar som krev mindre eigenferdighet. Dette kan vere gåturar eller sykling. Den femte kategorien er midt i krysset. Dette kan til dømes vere personar som kjøper heiskort i eit alpinanlegg og styrer resten sjølv.




Figur 3. Modell for kategorisering av turistaktivitet (Løseth, 2014, s39).

2.5.2 Individuell åtferd og motivasjon

For å kunne skape ei god oppleving, er det viktig å forstå motivasjonsgrunnlaget og den individuelle åtferda til andre menneske (Priest & Gass, 2005). Åtferdene våre endrar seg med miljøet og etter aktuelle oppgåver. Difor er ein balanse mellom utfordring og kompetanse

sentralt. For å forklare individuell åtferd brukar vi “Flow-theory” av M. Csikszentmihalyi og I.S. Csikszentmihalyi (1991) beskrive av Priest & Gass (2005, s48).



Figur 5 Grafisk framstilling av Flow-theory (Priest & Gass, 2005, s48).

Modellen viser at når den aktuelle oppgåve er balansert med utøvar si moglegheit til å handle, vil ein unngå keisemd, eller angst (Priest & Gass, 2005). Dersom oppgåva vert alt for enkel, eller alt for vanskelig å løyse, vil opplevinga kunne verte mindre bra. Dette vil også kunne gå utover motivasjonen hjå den enkelte (Priest & Gass, 2005). Det er tre faktorar som styrer motivasjon. Mestringsmotivasjon, behov for autoritet og sosial tilhørigheit. Priest & Gass (2005) brukar “self-efficacy” for å forklare våre behov knytt til motivasjon. Denne handlar om å ha tru på eigen kompetanse. Denne kompetansen er igjen bygd opp av tidlegare oppnådde resultat, visualisering av at ein kan klare målet, observasjon av andre for å bli inspirert, verbal overtaling av seg sjølv eller andre, og til slutt fysisk stimuli.

2.6 Relasjon

2.6.1 Kommunikasjon og rolleavklaring

Relasjonen mellom guidar og turistar er ein del av å få ein tur til å fungere. Avklaring av rollene seg i mellom er viktig. Vold (2015, s144) nemner tydinga av å vere «oppmerksame» på kvarandre. Ein må skape kommunikasjon, by på seg sjølv og avklare roller.

Kommunikasjonen startar allereie ved første møte.

Ved eit handtrykk gjev ein kvar enkelt individuell merksemd. Med dette er det mogleg å oppleve gjensidig merksemd (Vold, 2015, s144). Denne form for kontakt er med på å skape eit grunnlag for vidare kommunikasjon og samhandling. Kontakt mellom menneske vil kunne skape grobottn for god kommunikasjon og tillit. Kommunikasjon av trygghet og det å by på seg sjølv, viser seg å vere viktig i det første møtet (Vold, 2015, s146). Usikkerheit knytt til det første møtet og turen sett frå gjestene sine auge, er ei sak guidar må ta stilling til. I tillegg er det ta seg sjølv uhøgtideleg, vere trygg på seg sjølv og verke trygg utad, kunne speile igjen i turistane. Formidling av trygghet, vere kontaktskapande og skape rom for tillit, har i følge Vold (2015, s147) vist seg å vere viktige punkt for å få til ei gruppe på tur.

Rolleavklaring handlar om å kunne dele dei ulike individa på tur som «persontypar». Dette er for å kunne sjå deltakarane og guidane som ulike personar (Vold, 2015, s149). For å oppnå ei slik rolleavklaring har guidar ofte ei «drakt» for å skape rett inntrykk hjå turistane. Guidane opptrer med bestemte rørsler i rommet, posisjon ovanfor gruppa og rett bruk av stemme. Klede, godt brukt utstyr, og ustelte ansikt er eksempel på noko som kan gje eit inntrykk om erfaring og kan vekke tillit. Slik kan guidar og turistar kjenne kvarandre igjen og rolleavklaringa blir skapt (Vold, 2015, s149).

Eit opplegg vil nødvendigvis ikkje fungere for alle. Ulike kulturar kan føre til ulik forventing og ulik deltaking på tur. Nokre turistar kan forvente å få alt servert, mens andre forstår at det ligg ansvar hjå dei også (Vold, 2015, s158). Det å gjere dei oppmerksame på dette før tur kan hindre uheldige kulturkollisjonar. Mangel på rolleavklaring og kommunikasjon kan føre til at enkelte turistar tar over turen. Dette er gjester som utfordrar guiderolla og har eigne interesser dei vil utfolde. Dette kan også bli eit resultat av dårleg gruppedynamikk og dårleg forarbeid (Vold, 2015, s158).

2.6.2 Interesseskaping

Å kunne skape interesse uansett vêr eller kva retning turen går i, vil vere sentralt for opplevinga for gjestene. Her snakkar Vold (2015, s218) om to ulike måtar å gjere dette på. Det eine er å forstå når ein skal tiltrekke seg merksemd. Det andre er å forstå når ein skal gje

rom for gjestene sin eigen motivasjon og interesser. Her spelar guidane på eigen kunnskap i området og naturen ein er i, som gjestene sjølv ikkje har kunnskap om (Vold, 2015, s218). Ved minkande interesse, vil ein samle turistane. Då har ein moglegheita til å få merksemd og organisere gruppa slik at alle ser kvarandre. Dette vil kunne gje ei gjensidig kontakt, akkurat slik som ved kommunikasjon og første møte. Heve stemma og skape eit «brot» (Vold, 2015, s222).

2.6.3 Gruppedynamikk

Viss ein forstår gruppedynamikk og korleis gruppeutvikling heng saman, vil det bli mogleg å velje aktivitetar og leiarstil som passar gruppa til ulike stadium på tur (Martin et.al. 2017). Då vil flest mogleg av gjestene kunne få mest mogleg ut av opplevinga (Martin et.al. 2017). Gruppene utviklar seg gjennom fem stadium der gruppa formast på ulik måte. Den første Martin et.al. (2017) skriv om er «forming». Dette er “bli kjent” fasen der gruppa møtast og blir einige om den aktuelle oppgåva. Så er det «Storming», her blir behova i gruppa møtt, avklaring av roller, ulikheitar og mål blir satt. Neste er «Norming», der gruppa blir satt og normer trer i kraft. «Performing» handlar om utføring av målet og interaksjon mellom gruppemedlem. Den siste er «Adjourning» der dei ulike individa i gruppa er blitt trygge på sine roller og ein nærmar seg slutten av den aktuelle oppgåva.

2.6.4 Tilpassing av tur

Presentasjon av tur, seg sjølve og forventingar er med på å kartlegge gjestene slik at guiden får ei oversikt. Denne oversikta kan brukast til å tilpasse turen (Vold, 2015, s170). Slik kan ein få fram ulike interesser hjå enkeltindivid. Då har ein moglegheit til å ta tak i desse interessene blant gjestene undervegs. Det er aldri dei same gjestene eller gruppa, så ein tur blir aldri lik. Usikkerheit knytt til tur og eigen kompetanse vil kunne komme fram under ein slik «briefing». Dette gjer det mogleg å skape tryggheit og ein felles forståing for kva som skal skje. Slik kan turens krav bli moderert (Vold, 2015, s175). Ei slik kartlegging er også med på å justere den enkeltes forventing og holdning til eit nivå alle i gruppa kan takle. Dette vil kunne gå ut over dei som vil utfordre seg sjølv. Eit slikt dilemma er utfordrande og det er

vanskeleg å få alle forventingar innfridd. Difor er det vanskeleg å møte alle, tilpasse turen eller turen etter turistane (Vold, 2015, s177).

2.6.5 Forventingar

Forventingsavklaring har vist seg å vere viktig i forhold til kva gjestene tar med seg i frå opplevingar på tur (Vold, 2015, s178). Det er ikkje alle forventingar guiden styrer sjølv, som til dømes å få sett enkelte dyr, eller at vêr hindrar målet. Vold (2015, s178) skriv at slike forventingar kan låse gjestene heilt. Ein klarar ikkje sjå noko anna på turen. Om forventinga ikkje blir innfridd kan dette vere øydeleggjande for opplevinga. Difor jobbar guidar aktivt med å vende forventingane over på andre tema som kan vege opp for det tapte (Vold, 2015, s179). Arbeid som dette, skapar situasjonar med dialog og moglegheit for å forstå kvarandre sine perspektiv.

3 Metode

3.1 Val av metode

Grunnlaget vårt for val av metode ligg i problemstillinga vår. Vi ønska å finne forståing for tankane og meiningane rundt vala ein guide gjer for å skape gode opplevingar for kundane. Her kan ein få fyldige beskrivingar dersom ein brukar ei kvalitativ tilnærming. Der ein i kvantitativ forskning finn svara sine ved eksempelvis å måle i tal og statistikk, ser ein at formidling, kommunikasjon og relasjonar mellom menneske, er viktig i kvalitativ forskning (Johannessen, A., Tuft, P.A., og Christoffersen, L. 2016). Vi undersøkte naturguidar med jobb i Sogn og Fjordane, fordi forskning på temaet rundt dagsturisme ikkje er forska mykje på. Dette gjorde at vi måtte vere utforskande og legge vekt på forståing framfor forklaring. I tillegg til dette nemner Tjora (2017) at det er viktig med nærleik til den ein forskar på. Vi synest det var viktig med ein open interaksjon mellom forskar og informant, der fokuset låg på informantane si oppleving og meningsdanning rundt guiderolla. I vår oppgåve var det sentralt å finne ut kva konsekvensar ulike meiningar har (Tjora, 2017).

3.2 Utval

I vår undersøking er informantar ei av dei viktigaste kjeldene. For oss som forskarar er det desse som sit på informasjonen vi vil vite meir om (Thagaard, 2013). Fordi å finne riktige informantar er viktig, finn ein først ei målgruppe. Det er desse informantane som kan gje oss informasjonen ein er ute etter. Etter ei slik kartlegging vil ein velje tal informantar og dei personane frå ei slik målgruppe som er relevante (Johannessen mfl. 2016). Eit tilfeldig utval av informantar er lite eigna til eit kvalitativt intervju. For oss blei eit *strategisk utval* ein naturleg framgangsmåte. Dette fordi ein søker etter personar som har noko spesielt å bidra med (Dalland, 2017). I vår undersøking har vi valt å knyte oss til erfarne tindevegledere som har sin base innanfor fylket. Dette av praktiske årsakar knytt til reise, og at vi ønska å møte informantane ansikt til ansikt. Vi kontakta firma og guidar med utdanning innanfor feltet med eit kriterium om at dei utførte dagsturar under alle årstider. Eit siste krav vi sat, var at informantane måtte ha minimum 3 års erfaring med heilårsturisme. Guidane har mange timar praksis frå autentiske situasjonar og er difor kapable til å reflektere over eigen praksis. Med desse kriterium som grunnlag, følgjer ein tankane til Johannessen mfl. (2016) om at

informantane bør vere homogene, men på same tid ha ein variasjon slik at informantane formidlar ulike oppfatningar. Vi ville ha intervju der intervjuaren og intervjuobjektet er saman om å produsere kunnskap (Dalland, 2017).

3.3 Intervjuets rammer

I første omgang sjekka vi om oppgåva vår var meldepliktig. Når det ikkje vert registrert personopplysningar, omfattast prosjektet ikkje av meldeplikt (Vedlegg 1/3). På den måten slapp vi å sende søknad til NSD. Når dette var klart, skreiv vi informasjon om deltakinga i forskingsprosjektet. Dette sendte vi på e-post til dei aktuelle. Etter litt fram og tilbake i samtale med ulike firma og guidar, enda vi opp med to informantar. Begge utdanna gjennom NORTIND (IFMGA).

Som forskarar var vi interessert i å høyre om erfaringar og oppfatningar frå ulike turar av informantane. Ved eit kvalitativt intervju kan dette komme godt fram ved at informanten sjølv er med på å bestemme kva som skal diskuterast i intervjuet. I tillegg til dette er eit intervju ein sosial situasjon som all anna samhandling mellom menneske. Ved opne intervju kan ein difor be informanten fortelle historier frå situasjonar og hendingar som har skjedd i løpet av livet deira. På denne måten kan ein som forskar få ei forståing om emne og meiningar som er forankra i bevisstheita til informantane (Johannessen mfl. 2016). Vi brukte ein semi-strukturert intervjuguide delt i tre forskingsdelar (Vedlegg 2/3). Her var hovudspørsmåla opne, slik at informanten sjølv kunne greie ut og prate fritt om temaet. Eit semi-strukturert intervju ga oss moglegheit til å styre intervjuet, på same tid som informantane fekk rom for å komme med eigen refleksjon. Dersom vi ikkje følte vi fekk dei svara vi var ute etter, brukte vi oppfølgingsspørsmål under kvar forskingsdel. På denne måten kunne vi få informantane til å greie ut i endå større grad (Thagaard, 2013). Det er ein balansegang som truleg kan ha påverka intervjuet, og det er viktig for å ikkje bli for styrande som intervjuar. Dette kan verke hemmande for synspunkt og refleksjon frå informanten (Johannessen mfl. 2016). Vi møtte begge informantane personleg i behagelige omgjevnadar. Vi ønska å møte dei i eit rolig og avslappa miljø, slik at det for alle kunne bli meir personlig. På denne måten er grunnlaget lagt for at informanten er komfortabel, som igjen kan gje oss meir forståing av det vi ønskjer svar på.

Vi valde å ta opp intervjuet på bandopptakar i bakhand, slik at vi kunne fokusere på å gjennomføre intervjuet som ein samtale mellom alle tre. Etter intervjuet, transkriberte vi lydfilet over til ord. For at informasjonen vi har logga ikkje skal vere mogleg å kople opp mot informantane våre, skildrar vi dei med dei fiktive namna Gunnar og Ståle (Dalland, 2017). Eit av tapane ein mister frå intervjuet til transkripsjonen, er informasjon om stemninga i intervjuet. Dette er dei visuelle leietrådene (Tjora, 2017). Som intervjuarar var det vi som jobba vidare med materialet og vi kunne dermed tenke tilbake til situasjonen når ein les den transkriberte teksten. På den måten kunne vi leve oss inn i situasjonen, samtidig unngå å miste for mykje informasjon ved transkriberinga (Tjora, 2017).

3.4 Forskarrolla

Vi studera begge friluftsliv og er svært aktive innanfor aktivitetar som terrengsykling, alpin skiferdsel og klatring. I tillegg til å bruke så mykje av fritida vår ute i desse miljøa, som mange søker guida turar i, studera vi for å bli rettleiarar i friluftsliv. I faget Naturguiding og naturbasert turisme, har vi hatt rikeleg med teori om naturguiding, turisme og kommersialisering knytt til naturen vi har rundt oss. På denne måten har vi forståing og grunnlag for kunnskap om tema vi ynskjer svar på. Førforståinga av eit tema er den kunnskapen vi som forskarar har på temaet i forkant av tolkingsprosessen (Dalland, 2007). I tillegg til at ein av oss har jobba som breførar, vert vi også forskarar i eit miljø vi er kjende med. Dette, saman med kunnskap om tema, er viktig for at svara skal kunne verte så konkrete som mogleg. Ein kan risikere å få for lite interessante og mindre relevante svar dersom ein som forskar ikkje har greie på det ein spør om (Kvale & Brinkmann, 2009). Eit yrke som guide er noko vi begge kan sjå for oss å jobbe med, og det var difor interessant å få eit innblikk i korleis desse profesjonelle guidane jobbar.

3.5 Validitet og reliabilitet

Ei oppgåve ein skriv skal gje lesarane truverdig kunnskap. Dette inneber at ein har teke omsyn til validitet og reliabilitet (Dalland, 2017). Validitet kan ein omtale som gyldigheit og relevans. Dei data ein samlar inn, må vere i tråd med problemstillinga. Ein kan anta at guidar

med fleire års erfaring har tankar relatert til det vi ynskjer svar på. Val av informantar til denne undersøkinga, kan difor vere relevante for problemstillinga. Her kan også intervjuguiden som vert brukt i intervjuet bidra til at data er valid. Etter ein gjennomgang av intervjuguiden med rettleiar som har god erfaring som guide, kunne vi få tilbakemelding på om spørsmåla var i tråd med det ville undersøkje. I diskusjonsdelen vart det brukt fleire sitat for å byggje opp under teori og problemstilling. Nyeng (2012) nemner intersubjektivitet, som i denne samanheng tyder at lesar er samd med skribenten om informasjonen ein kan lese ut av sitata. Sitata i diskusjonen er ikkje så korte at ein ikkje kan tolke dei. Difor kan informasjonen tolkast på om lag same måte for andre, enn berre for oss som har hatt intervju, jobba med oppgåva og skrive dei inn i diskusjonen.

Ein kan omtale reliabilitet som pålitelegheita til dei data som er brukt i undersøkinga. Ikkje berre skal data vere relevant i seg sjølv, men det skal også vere samla inn på ein måte som gjer dei pålitelege (Dalland, 2017). Utan mobiltelefon og bandopptakar, men med notering undervegs, hadde vi risikert at data mangla og ein kunne risikert feilinformasjon. Ved å ta opp intervjuet gjennom lydopptak, mista vi ikkje anna enn ansikt og kroppspråk som tidligare nemnt i oppgåva. Vi var begge til stades under intervju og fordelte transkriberinga mellom oss. Vi var einige om ei felles forståing for korleis ein skal transkribere, slik at vi på den måten sikra oss å sitte igjen med data med så lite feilinformasjon som mogleg.

I kvalitativ forskning ser ein helst at ein intervjuar så mange objekt at ein når eit mettingspunkt for informasjon (Kvale & Brinkmann, 2009). Etter ein del fram og tilbake enda vi opp med to informantar. Dette kan vere ein svakheit med oppgåva, men tid og stad gjorde at vi ikkje kom i kontakt med fleire aktuelle informantar. På den andre sida dekte informantane problemstillinga med lange intervju, der dei svarte utfyllande. Informantane våre har til saman jobba 20 år som tindevegledere og før dette, 10 år på deltid eller sesong. Følgjer ein Ericsson, A.K., Charness, N., Feltovich, J.P. & Hoffman, R.R. (2006) sine tankar om å vere profesjonell etter 5 år, eller 10.000 timar respektivt arbeid, kan ein sjå på våre informantar som svært drivne i faget.

4 Diskusjon

Vi har valt å dele opp diskusjonen i dei same forskingsdelane som nemnd i innleiinga. Desse er “på førehand av tur”, “undervegs på tur”, og “guiderolla”. Gjennom ei slik inndeling, vil vi kunne samanlikne informasjonen vi har fått ut av intervjuet, og setje den opp mot relevant teori. Dette vil vi diskutere opp mot vår problemstilling. Ved å setje lys på desse tre forskingsdelane, meiner vi at viktige val guiden gjer under eit dagsopplegg, vert svart på.

4.1 På førehand av tur

I denne delen ser vi nærare på kva val og tankar guiden gjer seg før både før- og første møtet med turisten. Dette i forhold til problemstillinga der vi nemner at guiden på førehand gjer ei kartlegging av turisten for planlegging av tur.

4.1.1 Før første møtet

Innanfor den aukande turismen i norsk natur, ser ein at dagsturar guidefirma tilbyr, ofte byr på ei form for oppleving for gjesten. I doktoravhandlinga til Løseth (2014, s92), nemner ho norsk turisme som eit satsingspunkt framover. Då er det grunn til å tru at folk med svært ulik bakgrunn, ferdigheit og kultur, i stor grad oppsøker guida turar i tida som kjem.

«La oss sei ein skal på Store Svartholttind, eller på en annen type krevjande tur, så er det viktig å snakke med gjestene sjølv før turen, og ha en dialog med gjestene. Sånn at ein ikkje risikera at folk er totalt ute av det og manglar føresetnadane for å gjere turen». -Gunnar.

Ser ein modellen til Løseth (2014, s38) på den kommersielle sida, kan ein sjå at ynsket våre informantar har om kommunikasjon i forkant av tur, er ulik etter vanskegrad på turen. På ein krevjande tur, krev det at turisten er meir mot spesialisten si side på modellen. Det kan allereie her sjå ut som at Gunnar har vissheit om kva type leiarstil som passar turen til Svartholttind. I følge Horgen mfl. (2016) vel ein abdikratisk eller autokratisk leiarstil ut i frå risiko og gruppe. Ynskjer ein å delta på slike guida opplegg som krev spesielle ferdigheiter, er det her ulike ferdigheiter guiden ynskjer å kartlegge på førehand. Det vert nemnt e-post, SMS og telefonsamtalar som kommunikasjonsmiddel for kartlegging før slike turar. I følge

Løseth (2014, s39), er ein turist som kjøper ein guida tur på bre, som oftast ein generalist. Turisten har ikkje behov for spesiell eigenkompetanse for trygg ferdsel. I tråd med Priest & Gass (2005), nemner Gunnar at det er viktigare å ha ein plan b, og moglegheiter for justering av opplegget, enn det å bli kjent med gjestene før ein slik type tur.

4.1.2 Første møte

Ved det første møtet opptrer guiden på ein bestemt måte for å imøtekomme dei nye gjestene. Dette forklarar Vold (2017, s144) i si doktoravhandling der han trekk fram korleis ein kommuniserer, viser interesse og byr på seg sjølv i det første møtet. Det å vere godt forberedt, sørgjer også for trygghet, sjølvtilit og overskot (Horgen, 2010).

Det er jo viktig å helse og vise interesse for kven dei er. Ja også er det jo naturleg å spørje kva ein held på med då. Bryte isen litt. Ofte er jo folk veldig spente då. Prøve å få dei til å slappe av visst det er nødvendig. [...] Eg er mest interessert i kva dei har gjort til fjells eigentleg og ikkje borre veldig mykje i biografien deira. -Gunnar.

Gunnar gjev og skapar eit fyrsteintrykk tidlig. Allereie her begynner Gunnar å gje kvar enkelt merksemd, samle informasjon og gjer ei form for trygghet dersom det er eit behov. Det vert nemnt i intervjuet at gjestar dukkar opp med ulike forventingar og kompetanse i forhold til aktiviteten dei har meldt seg på (Vold, 2015, s144). Gunnar meiner at dette er ei moglegheit til å få ei kjensle på kva føresetnadar gjestene har. Informantane våre, som har mykje kompetanse, ser ut til å flyte mellom fleire leiarstilar (Horgen mfl. 2006). Dette verktøyet vert kalla for “situational leadership”, der ein erfaren guide kan bruke erfaringsbasert skjønn til å velje forskjellige leiarstilar som passar situasjonen (Wilkens, 2017, s23). Ein ser at føresetnadane, kulturell bakgrunn, gruppesamansetning og kva type tur som er solgt, påverkar måten guiden møter gjestene på.

4.1.3 Forventingsavklaring

Før avreise må ein og prøve å etablere gruppa og sørgje for ei grundig forventingsavklaring og eit felles mål. Om ein ikkje kjenner gruppa, skal ein gjere seg kjent med gruppa og deira

føresetnadar (Horgen, 2010). Vold (2015, s47) skriv om at det å kunne formidle trygghet, opptre tillitvekkande, søke og skape kontakt, er viktig for å få til ei gruppe.

Eg syns på ein måte at det er litt kjekt å by litt på seg sjølv på forskjellige måtar då. Eg er ikkje så redd for å at dei blir litt kjent litt med meg og eg er ikkje redd for å spørje dei så eg blir litt kjent med dei og på ei måte. Ha litt humor på forskjellige ting. -Ståle.

Informantane nemner at saman med erfaringa dei har fått, har redselen for å gjere feil minka. Det å vere synlig heilt frå start og stå fram som interessert, kan ha ei positiv effekt ovanfor gruppa. Det kan vere med på å skape tillit og at ein tidlig får merksemd frå gruppa (Vold, 2015, s147). Begge informantane snakkar også om forventingsavklaring som noko viktig før tur. Vold (2015, s178) nemner at det er viktig å klare og snu tankane til gjester med feil type forventingar. Tar ein tak i dette frå første stund, kan det vere avgjerande for turisten si oppleving.

Eg tenke at det typiske å så tidlig som mogleg seie at sånn er det. Sånn er det det blir eller sånn kan det bli. Visst ein går mot eit konkret mål utan å nå det kan det vere ein sånn kjip greie då. Det er betre viss ein klarer å justere målet til noko som er innafor rekkevidde. [...] Mestringsfølelsen er litt viktig for den positive opplevinga av eit eller anna opplegg då. Vi skal ikkje til det uttalte målet, nødvendigvis, men vi skal eit eller anna som blir bra. [...] -Ståle.

Her kjem det fram at det vert tatt tak i problem og målsetjinga frå starten av, slik at det vert mogleg å justere dette så tidleg som mogleg. Når gjester melder seg på aktivitetar utan tidlegare erfaring, sit dei med eit bilete og ei forhåpning om korleis turen blir. Sjølv om dei på den aktuelle turen ikkje nådde dagens mål, klarer Ståle snu situasjonen til noko positivt. Ståle vil også skape meistringsfølelse, noko han tar tak i tidleg slik at opplegget passar gjestene. Då har ein moglegheit til å oppnå *flow* (Priest & Gass, 2005). Dette er situasjonar som guiden har opplevd før og har lagra i sitt kunnskapsforråd (Vold, 2015, s64). Guiden har under det første møtet moglegheit til å vurdere faktorane vêr, gruppe o.l. Dette er faktorar som spelar inn på den aktuelle turen, og ein kan då kome opp med alternative val. Dette viser også igjen i Vold (2015, s39) sitt sitat ein kan lese i starten av innleiing til oppgåva.

4.1.4 Ferderåd og plan b

Begge informantane nemner at ein ofte kan sjå tidleg om gjesten har meldt seg på eit opplegg som enkeltperson eller gruppa ikkje kan meistre. Ei kartlegging av føresetnadane til gjestene sett opp mot målet for turen, kan vere avgjerande for oppleving, sikkerheit og mestringsfølelse. Ifølge Horgen (2010), skal denne kartlegginga hjelpe til at det ikkje vert ein tur over evne. Ein motsetning til dette nemner Gunnar at ein også på dagsturopplegg dreg med gjester på tur over deira evne. Han forsvarar dette med å vere innanfor visse sikkerheitsrammer og dette kan gje mestring, samt gode opplevingar. I tillegg blir det nemnt at ein ikkje berre skal gjere turen trygg, men at ein skal sitte igjen med ei oppleving der ein også har følt seg trygg.

Det er viktig med det ferderådet og å diskutere kva som skjer vist ein må snu. Det er der du verkeleg skal møte gjestene i forkant. Då er det jo viktig at ein lar dei få sleppe til litt og fortelle om sine føresetnadar. Hensikta med dette er at gjestene skal skjønne kva de gjer seg i kast med og kva som kan vere faremoment. At dei skal ha eit bevisst forhold til risikoen dei utsett seg for. At dei må gjere som dei får beskjed om og at dei har samtykka til at guiden er sjefen. -Ståle.

Under ferderådet er det viktig at gjestene vert gjort bevisst på kva farar dei gjer seg ut for, og her nemner Horgen (2010) kor viktig det er at turplanen er utrusta med ein plan B dersom endringar i forholda byr på problem. Det vert også nemnt at medansvar frå gruppedeltakarane i planlegginga kan auke opplevinga. Her nemner våre informantar viktigheita av å ha diskutert kva som skjer om ein må snu. Det vert sett lys på at ein av og til møter deltakarar som er svært fokusert på å nå målet, koste kva det koste vil. Under ferderådet blir det trekt fram at det er viktig med klargjering om kven som har siste ordet i ei sak og at ein må gjere det ein får beskjed om i krevjande situasjonar.

4.2 Undervegs på tur

Denne delen av turen kan fortelje oss noko om korleis guiden jobbar for å sørgje for gode, trygge og tilpassa opplevingar for turistane. For å få svar på problemstillinga vår, er vala ein

guide gjer undervegs på tur svært viktig, for det er her turisten opplever og gjennomfører det den har kjøpt.

4.2.1 Sikkerheit

Gunnar peikar på dei positive erfaringane ved å leggje til rette for ein tur nær dei opphavslege forventingane til gjestene og at dette kan sørgje for ei positiv oppleving.

“Kunsten er å fange opp dei som har meldt seg på noko som enkeltperson eller gruppa ikkje kan meistre”, seier Gunnar. På nettsida til Norgesguidene AS kan ein lese at dersom vêr eller føre for turen ein har bestilt er for dårlig, tilbyr dei ein annan føringstur. I verste fall, må ein avlyse turen (Norgesguidene, 2017). Gunnar nemner at ein ynskjer levere eit bra opplegg og ei positiv oppleving, men seier også at: *“Det er jo eit sikkerheitsperspektiv oppi det her og”*.

Ein må passe på å vere på hogget når det er noko som er utsett og ein må samle folk om å få på konsentrasjonen når det drar seg til. -Gunnar.

Ser ein på ulukkesteorien til Martin et.al. (2017), kan ein kople gjestene opp mot den menneskelege faktoren i modellen. Der viser ein at mennesket har for lite kompetanse i forhold til aktuell oppgåve og miljøet ein har rundt seg. Når denne faktoren møter dei vêr og føreforholda gjestene møter på veg opp dei glatte svaa mot Vesle Svartholttind, er det fare for at uhell kan skje. Gunnar nemner at i *“Sikkerheitsmessige situasjonar, så kan ein måtte ta ut, eller sende heim folk for å klare å levere til resten av gjengen”*. Dersom det er få faremoment knytt til turen, kan guiden endre leiarstilen til abdikratisk. Det vert peikt på av Gunnar at det då er meir rom for å drive formidling av kultur, det ein har rundt seg og av eigen kunnskap (Horgen mfl. 2016).

Som guide vil ein ofte møte på farar som baserar seg på variasjonar i omgjevnadane, dei individuelle faktorane til deltakarane, samt gruppa sin dynamikk og konsekvensane av dei avgjerslene ein tek. Dersom ein følgjer COLT-modellen, kan ein som guide jobbe med ein dynamisk leiarstil som skiftar i takt med situasjonen (Horgen mfl. 2016). Der ein på krevjande turar held gruppa i tøylane og tar alle avgjerdsele grunna sikkerheit og lite tid tilgjengelig, nemner Gunnar at ein lett kan justere under mindre krevjande forhold:

Ein Bretur d , det lar seg veldig fort justere. I staden for   g  der det e stupbratt kan ein heller dra den ut der det e slakt og fint. Eller en plass midt i mellom for   tilpasse, eller ein kan g    prate om noko. -Gunnar.

Gunnar, som nemner at han har ein «feeling» p  det n r ein tar beslutningar, har vore i sv ert mange ulike situasjonar tidligare og har eit utval av moglege beslutningsalternativ tilgjengeleg i «banken» sin. Her vert informasjonen ein har rundt seg og kor kompleks situasjonen er, voge opp mot kvarandre. S  vert dei vurdert i forhold til risiko og sikkerheit for gruppa (Priest & Gass, 2005). Der sikkerheita er i fare og risikoen for feil avgjerse er h g, nemner St le: *Det hender seg jo at folk har s nn koste kva det kostar vil innstilling, og d  m  ein jo berre skj re igjennom. Det skjer det. S rlig med trof toppar*». For gjestene som ikkje har denne erfaringa og kunnskapen som guiden har, nemner St le at det   halde gjestene oppdatert og involverte undervegs skapar god l ring i gruppa. Horgen (2010) nemner prosessm l og resultatm l. Ein m  vere v ken som guide og bruke desse arbeidsromma saman med gjestene. Det er viktig for at dei sj lv kan f  erfare n r det er p  tide   endre p  planen og m let.

Kunsten d  er jo   f  gjestene til   f le at det er dei som har tatt avgjerla. At dei f r jobbe med det medansvaret dei har. Og at de sj lv m  komme til erkjennelsen at ein gjer som ein gjer. -St le.

Der nokre turistar ynskjer   f  alt ferdig servert, vil nokre veldig gjerne bidra og nokre er kanskje til og med interessert i   fors ke og ta over turen. For sikkerheita er det viktig at det ikkje vert mangel p  rolleavklaring og kommunikasjon (Vold, 2015, s158). I tr d med tankane til Horgen (2010), skal ein som guide, ikkje vere redd for   by p  seg sj lv og skape situasjonar undervegs. Dersom ein dreg kommunikasjon i gruppa opp mot sikkerheitstenkinga til guiden, seier Gunnar kor viktig det er at ein bruker situasjonar undervegs til l ring, samt at ein er open om val av vurderingar ein gjer. For   ivareta sikkerheita, ta sikre val og ha god kommunikasjon rundt dei, seier Gunnar f lgjande:

Det viser jo p  ein m te at du veit kva du held p  med og bidreg til   skape ein f lelse av trygghet. At vist du skal drive   sp rje og involvere om kva du skal gjere, s  framst r det som at du er usikker, s  blir det litt meir motsett effekt da. -Gunnar.

4.2.2 Tilpassing og gruppedynamikk

Informantane nemner at å tilpasse opplegget før, eller undervegs på tur er viktig. Priest & Gass (2005) skriv om erfaringsbasert skjønn, og det å kunne ta imot informasjon undervegs, behandle denne informasjonen, for så å ta den best høvelege beslutninga. Tilpassing handlar også om å finne motivasjonen kvar einskild turist har, og at turisten skal finne og oppleve *flow* (Priest & Gass, 2005). Følgjer ein denne teorien, opplever ein *flow* når vanskegraden på oppgåva ein skal løyse, er i balanse med utøvar si moglegheit til å handle. Om oppgåva er for stor, eller for lita, vil turisten oppleve at *flow* er utanfor rekkevidde. For at ein kan spele på motivasjonen til turisten, må veilederen sjølv ha betydeleg overskudd for å kunne skape tilstrekkelig med rom i riktig miljø (Horgen, 2010).

«På bretur kan ein ta litt på sparket etter kvart som ein skjønna type gruppe, at ein tilpassar til at det blir ein sånn tur at ein går nesten berre opp til brekantene, men ein fortel mykje. Ein må fiske litt underveis på typen eller sjå an formen og litt sånt. At her skal ein by mykje av seg sjølv på kunnskap og historie. Ein ser at i dag skal vi ikkje ta oss ut fysisk på ein måte då. Eller ei anna gruppe er kanskje opptatt av å utfordre seg sjølv litt på klyve litt i isen. Då må ein ta sånn langs med underveis, etter som ein får feel på korleis situasjonen er. -Gunnar.

Ein kan sjå at intervjuobjektet har fått informasjon frå gjestene undervegs på turen, for så å kunne samanlikne dette med tidlegare erfaringar, og deretter justere etter deira behov. Her må guiden tilpasse både leiarstil og rammer for tur, sidan åtferda til kvar enkelt endrar seg undervegs (Priest & Gass, 2005). Sikkerheita og opplevinga står fortsatt i sentrum, men i eksempelet over, har Gunnar klart å velje ut forskjellige moment ein kan gjere i løpet av dagen, som gjev gruppa den mest passande opplevinga i forhold til kompetansen dei sit på. Slik vil gruppa oppnå *flow* (Priest & Gass, 2005). Tilrettelegging for enkeltindivid på eit dagsopplegg er viktig, følgjer ein tankane til informantane. Ser ein på tankane til Horgen (2010) er også gruppa sin progresjon viktig. Gruppa treng ikkje å bli teke med på ein tur der opplegget vert meir og meir krevjande. Gruppa skal heller sørgje for framdrifta. Etter kvart som det vert utvikling i gruppa, kan ein gje meir krevjande oppgåver og ein kan trekkje seg tilbake som guide.

Ein kan sjå at 30 prosent av turismen i Noreg kjem frå utlandet (Løseth, 2014). Med mange

gjester med stor variasjon i bakgrunn, både kulturelt og ferdigheitsmessig, vil det kunne oppstå mange tilfelle der det er store individuelle forskjellar i gruppa. Det at guiden forstår gruppedynamikk og korleis gruppeutvikling heng saman med val av aktivitet og leiarstil, meiner Martin et.al. (2017), er viktig for at gjestene skal få mest mogleg ut av opplegget.

Det er ei veldig vanlig problemstilling at det er ulikt nivå i gruppa. Det er kanskje veldig synlig på ski kor nokon er veldig flinke på ski og nokon er veldig treige. Ein må prøve å finne ei løysing sånn at alle er passelig missfornøgde. -Ståle.

Kunnskapsforrådet til menneske handlar om den samla kunnskapen ein har om verden. Alt etter type gruppe og individ, må guiden tre inn i ulike roller som gjer at heile gruppa, naturen og guiden er i samspel (Vold, 2015). Ståle nemner også kor viktig det er å ha ei formidlingsevne som treff alle i gruppa, slik at ein får eit utbytte av turen som ikkje berre spelar på eigenferdigheit. I alle situasjonar vert det nemnt at ein må vere tydeleg og av og til gjere som Gunnar, og tre inn i ein autokratisk leiarstil (Horgen mfl. 2016).

Beklagar, men det her kjem ikkje til å fungere for deg i den her gruppa på 6 stk. Det kjem til å vere uheldig for resten av gruppa for vi kjem til å måtte snu heilt opp ned på det opplegget her og då må ein ta folk litt ut på tomanns og forklare at no ser eg at dette her er litt for mykje for deg. Det er kjipt, men det beste er nok at du kjem igjen ein annan gong. Det er ein litt vanskelig plass å gå for ein må liksom skåne han, for han har bygd opp forventingane om seg sjølv. Både for meg som guide og resten av gruppa. Den er litt «tricky» då, men det lønnar seg berre å få det gjort. -Gunnar.

4.2.3 Formidling og kultur

Ein guide kan også vere synlig på andre måtar enn berre i avgjerslene som vert tekne. Ein guide skal utanom å vere turleiar, opptre som lærar, psykolog, underhalde gjestene og spreie kunnskap og haldningar (Horgen mfl. 2016). Gunnar nemner følgjande om dagsopplegg: *“På eit dagsturopplegg så blir ein jo gåande og snakke saman heile dagen, så eg syns på ein måte at det er litt kjekt å by litt på seg sjølv på forskjellige måtar”*. Gunnar trekk også fram at det kan oppstå, eller ein kan legge inn situasjonar undervegs, til å forkynne om naturverdiar, turnormer og historier om miljøet ein er i. Her nemner Ståle at det det *“fort kan bli litt politisk”*, men at kunsten er å finne situasjonar ein kan avspore til. Det vert også nemnt at blant utanlandske turistar er det lettare å forelese om kva ein vil,

men at folk generelt er opne for å lære. *“Turistane ynskjer å lære og bli kjend med det miljøet dei har valt reise på tur i[...] Gjestene har satt av dagen til dette og er interessert i å ta til seg læring”* seier Gunnar.

Det vert nemnt i Fredaman m.fl. (2009), at kvar einskild turist sjølv må definere kva natur er og at produktet av turisme har to dimensjonar. Det er om naturen står i sentrum for opplevinga, eller om naturen er eit nødvendig område for oppleving. I tråd med Nordtind si utdanning skal ein guide ha kjennskap til norsk natur, samt ha god natur og kulturforståing (Nortind, 2017). Ein ser at turistnæringa er påverka av politikk og marknadsføring (Løseth, 2009) og følgjer ein då Tordsson (2010) sine tankar om kva friluftsliv er, kan guiden påverke haldningar gjennom formidling. Kva verdiar og kvalitetar skal friluftslivet gje ?, Kva er vakker, fri og verdifull natur ?, Kva er ei god naturoppleving ?, Kva spor av kultur høyrer til i naturen og kva spor er forstyrrende, inntrengande eller lite bærekraftig turisme? (Tordsson, 2010). Dette er spørsmål som kan avdekke ulike sider og gjere turistane bevisst på ein friluftslivkultur.

Det er viktig på de fleste turar å formidle litt underveis då, at du skal noko meir enn å berre komme seg frå A til B. Legge inn litt læring. Formidle ein turkultur. Det er særlig anledning til det på ski då syns eg, eller turar kor du ikkje skal rekke noko og sånn. -Ståle.

Med 4,6 mill. overnattingar frå utanlandske feriereisande i 2016 (Innovasjon Norge, 2017, s7), må guiden også vere synlig for turistar med ulik kulturell bakgrunn enn sin eigen. Vi tolkar og oppfattar alle saman verden rundt oss gjennom våre egne “briller”. Vi tolkar det vi ser etter rammene vi er vakse opp rundt. Saman med samfunnet ein har levd i, er dette noko som ligg djupt kulturelt forankra i oss (Tordsson, 2010). Ståle nemner ein turist som oppfatta guidinga som for lite sjefete og bestemt: *Det var ein svenske som syntest det var alt for. Det flaut alt for mykje. Typisk då at det var det norske veglederidealet som kom i konflikt med forventingane til nokon som kom frå ein litt anna kultur.*

4.3 Guiderolla

I denne forskingsdelen har vi sett nærare på kva det inneber å vere ein guide. Vi ynskjer også og sjå på utviklinga til informantane som guidar. I tillegg til kva erfaring og eigenferdighet betyr i deira auge. Det er også aktuelt mot vår problemstilling og sjå på kva dei ser på som forskjellen på dagsturar, kontra turar over fleire dagar. Vi trur dette kan vere med på å belyse guidar si eiga oppfatning rundt rolla si, slik at ein har ei innsikt i kva dei meiner er viktig for å kunne gje gode dagsturopplevingar.

4.3.1 Eigen erfaring og utdanning

Dei begge fortel at utdanninga er eit slags springbrett og at det er sjølve erfaringane dei har skaffa seg undervegs som har forma dei begge mest. I følgje Ericsson (2006) er ein profesjonell etter 5år, eller 10 000 timar i jobben. Følgjer ein tankegangen om at ein etter mange år i feltet har ulike “skjema” å knyte informasjon om situasjonen opp mot, kan ein knyte erfaringsbasert skjønn opp mot dette (Priest & Gass, 2005). Etter alle dei turane og dagane guidane har hatt ute, kan dei hente ut gammal informasjon som ligg lagra i minnet, og på denne måten samanlikne val og ende opp med å ta kloke val.

I starten så vart det vertfal på klatrekurs, litt sånn «støting» med kursdeltakarane på sleg. Sjølv når det regna. Men ein blir jo tryggare på seg sjølv og sine egne vurderingar etter kvart som tida går. [...] Kanskje at ein blir meir bevisst på egen veremåte da. -Ståle.

Ser ein NORTIND sine krav til eigenferdigheit og erfaring før ein kan søke om opptak til tindeveglederutdanninga, kan ein sjå at det krev mykje av guiden (NORTIND, 2017). Klatring på naturlige sikringar både vinter og sommar, samt gode ferdigheiter om snø, gjere trygge vegval og egne skiferdigheiter, er nokre av krava. Gunnar, nemner at med rundt 100 skidagar dei siste 15 sesongane, er det viktig å kunne slappe av og ikkje gå seg fast i å levere den skituren ein kan få 5 dagar i året der alt klaffar på vestlandet. Der guidane har svært gode kunnskapar og ferdigheiter gjennom utdanning og erfaring, har ikkje gjestene det. Guiden kan oppleve at dette ikkje var bra nok, men Gunnar nemner i tråd med Tordsson (2010), at det er viktig å sjå det frå gjesten sine “briller”.

[...] Dei har ikkje same referansen til det. Dei kan få ei bra oppleving om du kanskje leverar noko som ein sjølv ikkje syns var den beste snøen den [...]. -Gunnar.

Begge legge vekt på at det å vere seg sjølv er viktig. I tillegg må ein ha moglegheita til å tre inn i visse type roller etter behov. Vold (2015, s54) skriv at kva rolle guiden vel å ta i bruk, vil ha betydning for turen som eit produkt. Det kjem også fram at som guide brukar ein ofte fleire roller til ulike gjester, turar og hendingar undervegs. Ein opplev fare og har alle ulik risikoaksept. Guiden med høge ferdigheiter og erfaring frå aktuelle situasjonar, opplever, registrerer og meistrar desse på ein annan måte enn gjestene (Bischoff, 1998, s32). Om eigenferdighet i situasjonar som er i grenseland for kva deltakarane meistrar, seier Gunnar:

[...] ein skal bevege seg raskt og trygt, men dei veit jo ikkje kor du har di list då. Der vil kanskje nokon oppleve at ein sikra litt tynt og at ein går litt langt mellom sikringa.[...] Det trur eg er ekstremt ømfintlig, for det er viktig at dei oppleve at du heilt utrulig botnsolid og har full kontroll på. [...] ein skal aldri snuble liksom. Ein skal legge sjela i å vere veldig stødig. Det kan hende at ein automatisk er det fordi ein er i sånt terreng mykje, men når nokon skal stå i ro på ein standplass og sjå på at ein eller anna førar klatra opp der og det høgt ned der og det e lite med sikring, for ein bevega seg i lett terreng. For at dei skal få den trygghetskjensla kan dei kan ikkje ha gått å sett på ein guide som har heldt på å snuble på stien på vei til innsteget. -Gunnar.

4.3.2 Dagsturisme

Høg kvalitet på eit opplegg inneber ikkje berre forsterking av gjestene sine opplevingar, men også at haldningane og kunnskapen deira vert påverka i positiv retning (Horgen mfl., 2016). Informantane nemner også Wilkenes (2017) sine tankar om transparent guiding. Det kjem fram at utfordringar med guiderolla ved dagsturar, er den korte tida ein har tilgjengelig, samt at ein ikkje kjenner gjestene sine føresetnadar. Inkludering i beslutningstaking og formidling av bakgrunn for avgjersler kjem fram i lyset igjen som viktige eigenskapar. I hypotesa vår seier vi at relasjonen mellom guide og turist er viktig. Dette speiler igjen i Gunnar sitt svar: *ein kan opparbeide seg faste gjester med dei ein "matchar" med.* For å få dette "treffet" med gjestene sine ser vi at erfaring og god kunnskapsbase er nødvendig. Her har relasjonen mellom guide og gjest ført til at gjestene ynskje å kome tilbake

Rolla ein kan ha på ein dagstur er kanskje ofte litt sånn repeterande greier, at ein går ein fast bretur eller ein eller to faste klatretura eller noko sånt då. Ein kjenner den turen konkrete

turen veldig godt og etterkvart veit ein korleis folk flest reagera og kva variantar det er undervegs på turen, og då kan ein gå og levere ei vare der ein har lært og lagt inn litt småtriks der ein veit det kan spisse opplevinga. -Gunnar.

Gunnar nemner at blant rettleiarar som har jobba mykje med guiding, er det ofte fokus på at ein skal vere litt forsiktig med å komme for tett på gjestene og halde litt avstand under lengre turar. Under dagsturisme er det nemnt fleire roller guiden skal tre inn i. Ein skal kunne opptre som lærar, miljøambassadør, psykolog og underhaldar. Gunnar nemner andre forskjellar som at ein under turar over fleire dagar, har arbeidstida si, men viser også til noko ein kan kople opp mot tittelen på doktoravhandlinga til Thomas Vold (2015): *Venner på tur*

Visst ein er på ein vekestur. Då er ein på ein måte nøydt til å [...] Då tenke eg at ein må etablere ein litt, ein skal vere litt forsiktig med det og, men nesten ein litt «kompisfeeling» på det. -Gunnar.

5 Konklusjon

Hensikta med oppgåva har vore å undersøkje kva erfarne tindevegledere gjer for å skape ein god dagstur med gjester. Ut i frå dette har vi intervjuet to tindevegledere for å finne svar. Gjennom våre tre forskingsdelar knytt til problemstillinga har vi kome fram til følgjande:

Under intervjuet kjem det fram at ferderåd og planlegging er ein viktig del av turen. Spesielt viktig er det å skaffe informasjon om gjestene før avreise om det er turar med høgare risiko. Ved låg risiko på turen, ser ein ikkje eit like stort behov for dette. Uansett vanskegrad, legg informantane vekt på kartlegging av forventingane til gjestene for å utarbeide eit felles mål for turen. Hensikta med ferderådet er å bevisstgjere gjestene på faremoment og risiko. Dei begge er tydelege på rolleavklaring i gruppa, kven som har det siste ordet og at det er viktig at ein har forståing for korleis gruppedynamikk fungerer.

Undervegs på turen ser vi at informantane til ei kvar tid analyserer situasjonane og brukar dei til sin fordel. Her skapar dei læringssituasjonar under enkle forhold, og sørgjer for at gruppa er skjerpa når det spissar seg til. Våre informantar brukar kunnskapsbaserte metodar, men dei nemner også "ryggmargsrefleks". Informantane som har 10 år kvar med heilårsguiding, har rikelig med erfaring for vurdering og beslutningstaking på tur med gjester. Ein ser at informantane er nøydde til å tre inn i fleire ulike roller. I tillegg til å sørgje for sikker tur, må dei blant anna vere motivatorar, lærerar og underhaldarar. Ein må hyppig tilpasse seg etter gjestene sine behov og ein må vere fleksible som gruppeleiarar undervegs på turen.

Det at guiden har tilstrekkelig erfaring, stor kunnskapsbase og god kvalitet i opplegget, er viktig for at ein kan tolke situasjonar som oppstår og at ein kan samhandle med forskjellige mennesketypar. Ein kan sjå i svarea frå informantane at relasjonen som vert skapt mellom guide og turist er viktig for at kunden ynskjer å kome tilbake. Dette samspelet og ønsket om å kome tilbake, er viktig for begge partar. Både sett frå det økonomiske perspektivet til guiden og frå perspektivet til turisten om ønsket om gode opplevingar.

6 Litteraturliste

Borch, S. (2017). *Skriftelig spørsmål fra Sandra Borch (sp) til klima- og miljøministeren*. Hentet 10.12.17 fra <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=70325>

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter (4. utg. ed., Helse- og sosialfag : høgskole)*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Dalland, O. (2017). *metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Ericsson, A.K., Charness, N., Feltovich, J.P. & Hoffman, R.R. (2006). *The Cambridge Handbook of Expertise and Expert Performance*. Cambridge: Cambridge University Press.

Fredman, P., Wall-Reinius, S. & Lundberg, C. (2009). *Turism i natur* (Rapportnummer R2009:23). Hentet 30.10.17 fra <https://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:282000/FULLTEXT01.pdf>

Horgen, A. (2010). *Friluftslivsveiledning vintertid*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Horgen, A., Fasting, M.L., Lundhaug, T., Magnussen, L.L., & Østrem, K. (2016). *Ute! Friluftsliv-pedagogiske, historiske og sosiologiske perspektiver*. Bergen: Fagbokforlaget.

Innovasjon Norge (2017). *Turistundersøkningen - oppsummering av sommersesongen 2016*. Hentet 08.12.17 fra <http://www.innovasjon norge.no/contentassets/f2684f0b903741d6a0ce0ab48f8423d1/turistundersokelsen---oppsummering-av-sommersesongen-2016---27032017.pdf>

Johannessen, A., Tufte, P.A., og Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. (5.utgave.). Oslo: Abstrakt forlag.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Interview. Introduktion til et håndværk*. København: Hans Reitzels Forlag.

Løseth, K. (2014). *Adventure tourism: Exploring relations between knowledge and innovation* (Doktoravhandling, Aalborg University). Hentet 30.10.17 fra <http://hdl.handle.net/11250/278677>

Martin, B., Breunig, M., Wagstaff, M. & Goldenberg, M. (2017). *Outdoor Leadership: Theory and Practice*. Human kinetics.

Mytting, I. (1998). *Hva fører til sikkerhet? Kan ulykker forebygges gjennom holdningspåvirkning?* I A. Bischoff (red.), *Friluftsliv, sikkerhet og ansvar* (s. 30-37).

Norgesguidene AS (2017). *Påmelding og betingelser*. Hentet 08.12.17 fra <http://norgesguidene.no/index.php/pamelding-og-betingelser>

Norske tindeveglere - NORTIND (2017). *Søknad og opptak til tindeveglederkvalifiseringen*. Hentet 11.12.17 fra <http://www.nortind.no/no/yrkesutdanning/krav-til-opptak>

Norsk Naturguideforbund. (2017). *Om NNGF*. Hentet 11.12.17 fra URL: <http://naturguideforbund.no/om-oss/>

Nyeng, F. (2012). *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Priest, S., Gass, A., M. (2005). *Effective Leadership in Adventure Programming*. Human Kinetics.

Statistisk Sentralbyrå. (2017, 27. Oktober). *Rekordmange hotellovernattinger i sommer*. Hentet 11.12.17 fra URL: <https://www.ssb.no/transport-og-reiseliv/artikler-og-publikasjoner/rekordmange-hotellovernattinger-i-sommer>

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse, en innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget Vimostad & Bjørke AS.

Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. (3.utgave.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Tordsson, B. (2010). *Friluftsliv kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.

Vold, T. (2015). *Venner på tur: Naturguiding som relasjonell kunnskap* (Doktoravhandling, Norges Idrettshøyskole). Hentet 02.10.17 fra <http://hdl.handle.net/11250/283084>

Wilkens, K., R. (2017). *Transparent nature guiding: A study on nature guides understanding of- and experience with transparent nature guiding*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Tromsø). Hentet 06.12.17 fra <http://hdl.handle.net/10037/11165>

7 Vedlegg

7.1 Svar frå NSD



Resultat av meldeplikttest: Ikke meldepliktig

Du har oppgitt at hverken direkte eller indirekte identifiserende personopplysninger skal registreres i forbindelse med prosjektet.

Når det ikke registreres personopplysninger, omfattes ikke prosjektet av meldeplikt, og du trenger ikke sende inn meldeskjema til oss.

Vi gjør oppmerksom på at dette er en veiledning basert på hvilke svar du selv har gitt i meldeplikttesten og ikke en formell vurdering.

Til info: *For at prosjektet ikke skal være meldepliktig, forutsetter vi at alle opplysninger som registreres elektronisk i forbindelse med prosjektet er anonyme.*

Med anonyme opplysninger forstås opplysninger som ikke på noe vis kan identifisere enkeltpersoner i et datamateriale, hverken:

- direkte via personetydige kjennetegn (som navn, personnummer, epostadresse el.)
- indirekte via kombinasjon av bakgrunnsvariabler (som bosted/institusjon, kjønn, alder osv.)
- via kode og koblingsnøkkel som viser til personopplysninger (f.eks. en navneliste)
- eller via gjenkjennelige ansikter e.l. på bilde eller videoopptak.

Vi forutsetter videre at navn/samtykkeerklæringer ikke knyttes til sensitive opplysninger.

Med vennlig hilsen,

NSD Personvern

7.2 Intervjuguide

Innleiande spørsmål (Uformelt)

- Kva gjor at du valte å bli guide?
- Kva utdanning har du?
- Kor mange år har du jobba som guide?

Etablering av reglar for intervju og start av bandopptakar

Forskingsdel 1: Kartlegging av turisten

- Kva tankar gjer du deg allereie før første møtet med gjestene?
 - Korleis møter du gjestene første gong?

Forskingsdel 2: Undervegs på turen

- Kva gjer du undervegs på tur for å gi ei god oppleving?
 - Kva gjer du for å tiltrekke og halde på interessa hjå turistane?
 - Kva tankar har du rundt ulik gruppesamansetting og kulturforskjellar?
 - Kva tenkjer du i forhold til endring og tilpassing?
 - Kva tenkjer du i forhold til ulike forventingar blant gjestene?
 - Korleis stiller du deg til gjester med ulik åtferd, motivasjon og kompetanse?
 - Kva tenkjer du rundt di rolle undervegs?

Forskingsdel 3: Guiderolla

- Jobba du på ein anna måte som nyutdanna i forhold til no?
 - Kva er dei største forskjellane?
 - Kva trur du har bidrege til desse endringane?
- Korleis jobba du som guide ved ulike situasjonar(gruppe, vær, individ osv)?
- Kva er dei merkbare forskjellane frå dagsturar kontra lengre turar?

Tilleggsspørsmål:

- Er det andre ting du meiner er viktig å få med?
- Kan du fortelle om ein dagstur der du var spesielt fornøgd med jobben du gjor?

7.3 Samtykkeskjema

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt

Naturguiding og dagsturisme

«Korleis legg ein naturguide til rette for gode opplevingar innanfor dagsturisme»

Nikolai Skinlo & Håkon Schjølberg

Bakgrunn og formål

Dette intervjuet er ein del av eit bachelorstudie i Friluftsliv gjennom Avdeling for Lærerutdanning og Idrett ved Høgskulen på Vestlandet. Formålet med studien er å undersøke korleis ulike naturguidar jobbar for å skape gode opplevingar innanfor dagsturisme. I vår undersøking vil vi finne ut av kva tankar og val naturguidar gjer under ulike situasjonar både før og undervegs på turen. Vi ynskjer å komme i kontakt med ulike guidar i fylket med minimum 3 års erfaring som heilårsguidar, har utdanning innanfor feltet og som utfører dagsturar. Derfor sender vi denne førespurnaden til deg eller ditt firma.

Kva inneber deltaking i studie?

Denne studien omhandlar innsamling av informasjon gjennom eit individuelt intervju med bandopptak. Dette vil vi gjere med fire forskjellige firma som driv med naturguiding. I etterkant vil informasjonen frå dei ulike intervjuobjekta samanliknast opp mot kvarandre. Vi ynskjer at deltakarane skal reflektere over spørsmåla og at eigne meiningar og erfaringar vert delt. Vi er fleksible og kjem til deg. Det blir moglegheit for å få tilsendt intervjuguide på førehand.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Vi kjem ikkje til å samle inn direkte personidentifiserande opplysingar og bakgrunnsopplysningar skal ikkje kunne identifisere enkeltpersonar. Du som deltek i studiet vil få full anonymitet. Fiktive namn på guide, firma og område guidinga skjer i, vil bli brukt. Svara som vert registrert på bandopptak, vil bli lagra på ein ekstern harddisk for å ivareta konfidensialitet og vert sletta etter studiet som endar 15.12.17.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studiet, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgi nokon grunn. Dersom du trekk deg, vil alle opplysningar bli sletta.

Dersom du ynskjer å delta, eller har spørsmål til studiet, ta kontakt med prosjektleiar Håkon Schjølberg. Tlf. 97522411. hakon.schjolberg@gmail.com

Rettleiar for prosjektet er Vegard Vereide og kan nås på tlf. 91580573.

Samtykke til deltaking i studien

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)